



Energi og klimaplan for Sykkylven kommune

Planprogram



Høringsutkast

Høringsfrist 07.09.2019

Innhald

Varsel om oppstart og forslag til planprogram.	3
Innleiing	3
Status og utfordringar	3
Organisering, planprosess	4
Medverknad	5
Alternativ som vil bli vurdert.....	5
Økonomiske konsekvensar.....	8

Energi og klimaplan; rullering av plan vedteken i 2010.

Varsel om oppstart og forslag til planprogram.

I samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 11-12 og vedteken planstrategi varslar vi oppstart av arbeid med ny tematisk kommunedelplan for klima- og energi. Samstundes legg vi framlegg til planprogram ut til offentleg ettersyn i samsvar med pbl. §§ 4-1, 5-2 og 11-13.

Merknader til planprogrammet vert å sende Sykkylven kommune, Rådhuset , Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven eller postmottak@sykkylven.kommune.no innan 07.09.2019.

Etter høyringa vil kommunestyret vedta endeleg planprogram.

Innleiing

Gjeldande energi og klimaplan vert vedteken av kommunestyret (KST) 20.09.10 som sak 58/10. Etter kommunen sin planstrategi for 2017-2020, vedteken 20.03.17; KST-sak 16/17, skal gjeldande energi og klimaplanen rullerast i 2019. Nytt planarbeid kjem ut i frå dette.

Planarbeidet skal gi grunnlag for å styre arbeidet med reduksjon i utslepp av klimagassar, redusert energibruk og meir bruk av energi frå fornybare kjelder fram mot 2030.

Ny plan skal vise status, kommunen sine mål og tiltak. Den skal også omfatte kommunen si rolle som mynde og samfunnsaktør med ansvar for planlegging og rollene som tenesteytar, innkjøper, eigedomsforvaltar m.m.

Planen skal gjelde perioden 2019 til 2030.

Aktuell sak om oppstart er i stor grad basert på saksgrunnlag frå Einar Haram / Sunnmøre Regionråd IKS.

Status og utfordringar

Gjeldande plan frå 2010 gav mål om å redusere klimagassutsleppa samla sett med 15 % innan 2020 fordelt på både bygg (stasjonær energi), transport og arealplanlegging, forbruk/avfall og landbruk, og i tillegg mål om tilsvarande reduksjon i energiforbruk og auka fornybar del både for eigne bygg og kommunen som samfunn.

Ansvar er i handlings- delen fordelt ned på ein skilde sektorar i kommunen med fristar for gjennomføring (sjå vedlegg).

Eit sentralt grep var rapportering på oppfølging i årsmelding på gjennomføring av klima og energitiltak.

Evaluering syner at dette ikkje har vore følgt godt nok opp. Klimagassutsleppa frå Sykkylven kommune har i følge Miljødirektoratet sin statistikk auka frå 2009 og til 2017.

Gjennom Parisavtalen har Noreg slutta seg til måla om å avgrense temperaturstigninga på jorda frå 1850 til 2100 til godt under 2 grader Celsius. Avtalen bind også landa å arbeide for å avgrense temperaturstigninga til 1,5 grader.

Noreg skal kutte i utsleppa av klimagassar fram til 2020 med 30 % av utsleppa i 1990, og har rapportert inn mål om å kutte 45 % innan 2030. Gjennom klimalova (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-60?q=klimalova>) har Noreg også lovfesta eit mål om eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Møre og Romsdal har ein eigen delplan for klima- og energi (<https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regionale-delplanar/Regional-delplan-for-klima-og-energi>). Sykkylven og andre kommunar lyt ta sin del av ansvaret.

I samfunnsplanen for 2011-2025, vedteken av kommunestyret 27.06.11, er der klare føringar for korleis vi som samfunn ynskjer å ha det. Hovudfokuset og visjonen var:

- Skaparglede skal vere ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet.

Tre element var vidare i fokus:

- Kva skal til for at fleire vil busette seg i Sykkylven i framtida ?
- Korleis skape fleire arbeidsplassar i Sykkylven ?
- Korleis skal Sykkylven samarbeide med andre sunnmørskommunar ?

Desse, og andre føringar frå Samfunnsplanen må vektleggast også i arbeidet med ny energi og klimaplan. Visjonane frå Samfunnsplanen dannar naturlege mål for det komande planarbeidet.

I energi og klimaplanen bør ein særleg vektlegg å redusere klimautslepp, ureiningar og miljøskader, samt å stille krav om metodar, utstyr og produkt ved innkjøp av varer og tenester i kommunen.

Organisering, planprosess

For å oppfylle krav i [statleg retningsliner av 04.09.2009 om klima- og energiplanlegging](#) vil kommunen utarbeide ein ny tematisk kommunedelplan etter krava i [plan- og bygningslova](#), kapittel 11.

Sjølve utarbeidinga av planen vert lagt til eininga for tekniske tenester, med einingsleiar og miljøvernkonsulenten som hovudansvarlege i det daglege. Men ein ønskjer å involvere heile kommuneadministrasjonen, med vekt på kommuneleiinga og økonomi som dei mest sentrale.

Det vert sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal ha om lag månadlege møte, ev. anna kvar måne, alt etter kva behov planarbeidet krev. Dette etter vurderingar frå einingsleiar/ miljøvernkonsulent.

Gruppa skal vere diskusjonspartnar og sjølv delta aktivt i planarbeidet. Arbeidsgruppa vert tilrådd å ha følgjande medlemmer:

- Rådmann
- Økonomisjef
- Samfunnsplanleggar
- Leiar bygg og eigedom
- Ordførar
- Rep. for Sykkylven Energi AS alt etter behov

Styringsgruppe for arbeidet vil vere nærings- og utviklingsutvalet.

Styringsgruppa vil bli halden orientert om framdrift i planarbeidet, og verte førelagt prinsipielle avgjerder.

Det er alt etablert eit samarbeidsforum for kommunane på Sunnmøre gjennom Sunnmøre Regionråd som skal hjelpe til med arbeidet. Rådmannsgruppa er styringsgruppe for samarbeidsforumet. Samarbeidet med regionalt mynde og andre kommunar vert organisert gjennom samarbeidsforumet. Innkjøp av ekstern bistand til utgreiingar som er felles for fleire av kommunane vert også samordna gjennom forumet. Det kan også vere aktuelt å køyre felles prosessar og fagsamlingar saman med andre liknande samarbeidsfora.

Medverknad

Samarbeid med næringslivet, Statens vegvesen, Kystverket, Avinor, Nettbuss, Fjord 1, områdekonsesjonærar som nettselskap og ÅRIM (interkommunalt avfallsselskap) og frivillige lag og organisasjonar vert gjennomført som temamøte i regi av samarbeidsforumet.

Regionalt planforum vil også bli nytta som arena.

Det kan også vere aktuelt å arrangere fellesmøte, eller direkte informasjonsmøte knytt til høyringa av planutkastet, t.d. for leiarane i ungdomsråda. Elles vil ein nytte elektronisk kommunikasjon gjennom kommunane sine heimesider, sosiale media, lokalaviser o.a.

Høyring av planframlegget vert gjennomført etter reglane i pbl. § 11-14, jf. § 5-2.

Alternativ som vil bli vurdert

Planen skal vurdere ulike typar tiltak som kan gje reduksjon i utslepp av klimagassar, redusert energibruk og auka andel fornybar energi. Der det er mogeleg skal mål og tiltak tidfestast, kostnadsreknast og effekten skal talfestast (kWh eller tonn CO₂-ekvivalentar). Miljødirektoratet sine

tiltaksberekningar som er under utarbeiding skal nyttast så langt råd. Det skal lagast framskrivingar som syner klimagassutsleppa fram mot 2030 , med og utan gjennomføring av tiltak.

Målsetjinga i planen skal munne ut i eit handlingsprogram som skal fordele ansvar.

Det må gjerast ei vurdering av kor detaljert handlingsprogrammet skal vere og om det eventuelt bør avgrensast til strategiar som vert følgt opp i utarbeiding av meir konkrete, årlege tiltak som eit klimabudsjett/rekneskap knytt opp mot økonomi og budsjettarbeidet.


Planen må avklare korleis ein kan sikre at mål og tiltak frå handlingsprogrammet vert teke inn i arealplan, samfunnsdel, økonomiplan og årsbudsjett.

I følgje miljødirektoratet sin kommunefordelte klimagassstatistikk er det sjøfart, vegtrafikk og jordbruk (husdyr og husdyrgjødsel) som er største kjeldene til direkte klimagassutslepp i kommunen, jf. figur:


Oversikt over utslepp i Sykkylven kommune viser fylgjande :

Antall innbyggjarar	Areal km2	Utslepp pr innbyggjar i 2017 Tonn CO2 ekvivalentar	Utslepp i 2017 (tonn CO2 ekvivalentar)
7695	338	2,6	20158,5


Oversikt over utslepp i dei forskjellige sektorane er vist under.




Oversikt over utslepp fordelt på kjøretøygrupper er vist under.



Oversikt over utslepp fra forskjellige fartøygrupper er vist under.



Oversikt over utslepp fordelt på kategori i landbrukssektoren.



Planarbeidet vil leggje hovudvekt på følgjande tema:

- Erfaring frå evaluering av eksisterande plan og oppfølginga av denne
- Mål og statistikk over utvikling og framskriving av utslepp av klimagassar
- Etablering av metodikk (t.d. klimagassrekneskap) for årleg ajourføring av klimagassutslepp
- Sjøfart(fleire nullutslippsfrie ferge)
- Utgreiing av konkrete tiltak innan arealplanlegging og tilrettelegging for utsleppsfri transport, her under kollektivtrafikk og gang-/sykkelsti
- Utgreiing av konkrete tiltak innan jordbruk
- Miljøkrav ved offentlege innkjøp

Tilpassing til klimaendringar inngår ikkje som tema i planen. Kommunen vil behandle dette temaet i kommuneplanen der klimatilpassing inngår.

Økonomiske konsekvensar

Arbeidet vert finansiert med bruk av egne midlar, samt tilskot til samarbeidsforumet gjennom Miljødirektoratet sitt ordning for Klimasats, der kvar kommune som deltek i klima og energinettverket kan få inntil kr 25 000,- pr år.

I kva grad arbeidet elles vil avhenge av andre eksterne utgreiingar og bistand vil avhenge av kva kapasitet ein administrativt får til å prioritere arbeidet.

Det er elles mogleg å søkje om klimasatsmidlar for miljøtilta.